



Ordføreren sitt hjørna – september 2016

Komande torsdag er det kommunestyremøte, det fyrste møtet etter sommaren. Det er ei veldig lang sakliste - over 50 saker. No er det rett å legge til at over 30 av sakene er sals- og skjenkeløyver for dei neste 4 åra. Her ligg « Alkoholpolitiske Retningslinjer» vedteke i junimøtet i botnen, så desse sakene tek neppe lang tid i møtet. Det var ei god og grundig gjennomgang handsaming av retningslinjene då, og kommunestyret gjorde nokre tillegg i det møtet. «Saksar» litt frå dei nye retningslinjene:

Kommunen har som målsetjing å redusere samfunnsmessige og individuelle helseskader gjennom kontrollert bruk av alkoholhaldige drikkevarer. Ved praktisering av retningslinjene skal det takast omsyn til eit godt bu- og oppvekstmiljø. Det bør også takast omsyn til at kommunen er ein del av en turistregion. Løyvepolitikken skal være forutsigbar og med retningslinjer som gjev næringen godt driftsgrunnlag og konkurransevilkår. Kontroll av innvilga løyve skal sikre at sal og skjenking skjer i tråd med lov og retningslinjer.

1.1 Ansvarlig vertskap, belysning, musikk og kontroller

Det vert stilt krav til at alle som skjenker alkohol ved skjenkestadene kan dokumentere at dei har gjennomført kurset «Ansvarlig vertskap».

Det skal vera god belysning ved inngangspartia ved alle skjenkestader.

Det skal ikkje spelast musikk på utsida av skjenkestadene etter kl. 23.00. Musikken ved skjenkestadene skal dempast til moderat nivå den siste halvtimen før endt skjenketid.

Talet på skjenkekontrollar pr år skal doblast frå 01.01.2017. Dvs minst 6 gonger så mange kontroller som tal sal- og skjenkeløyver.

1.2 Videoovervaking og skjenketid

Skjenkestader i Holdebakken og i sentrum vert oppfordra på det sterkaste å innstallere videoovervaking ved inngangsdørene før sesongstart 2016/2017, både for å førebygge rusrelaterte valdsepisodar, for å sikre eigne vakter mot urette anklager og for å hjelpe politiet i etterforskningsarbeid.

Skjenketid i sentrum og Holdebakken vert utvida til kl. 03.00 som eit prøveprosjekt i perioden fram til 10.05.2017. Ordninga skal evaluerast og handsamast i kommunestyret i juni 2017, og då ta stilling til om ordninga skal vidareførast. Dette tiltaket skal bidra til å førebygge nachspielkultur i leilegheiter, opphoping utanfor skjenkestadene og valdsfremmande tilstander i taxikøar.

Vilkåra kommunen sette her er tatt godt i mot i reiselivsnæringa. Turisttrafikklaget har tatt initiativ til eit prosjekt som heiter «Bry deg Uteliv», og kommunen og politiet er naturlege partnarar i eit slik prosjekt. Me er i gang med å meisle ut eit opplegg for komande vinter og vidare framover. Som namnet seier så gjeld det å bry seg. Det skal vera nul-toleranse mot narkotika, og skjenking av alkohol skal skje i godt kontrollerte former. Skjenkestadene vil dokumentere at alle som skjenker alkohol har gjennomført kurset «Ansvarleg vertskap». Det kan skje på eit felles kurs eller på nett. Dørvakter har si eiga opplæring, men det skal leggjast ekstra vekt på samspelet mellom dørvaktene og skjenkepersonalet slik at dei saman reagerar på same måten for å hindre overskjenking, og hindre

at synleg berusa personar kjem inn i lokalet. Betre belysning vil gjera denne jobben lettare. Det vert også lagt opp til hyppigare skjenkekontrollar, og målrette dei meir. Me trur det er mykje førebyggjande i dette.

Politiet er ein viktig part i dette arbeidet. Hemsedal er prioritert, men det er lite som tyder på at det blir meir politi i Hallingdal og Hemsedal komande vinter enn tidlegare. Derfor er det viktig at politi og uteliv har eit godt samarbeid der dei stoler på kvarandre, og hjelper kvarandre for å gjera Hemsedal til ein endå tryggare stad å vera. Politiet vil bruke endå meir ressursar i kampen mot narkotika, noko me er svært glade for at dei gjer.

I tillegg til desse tiltaka vil næringa arbeide for å få så ordna taxikørar som mogleg, slik at gjesten kjem trygt heim. Derfor har også kommunen gått inn for at skjenketida blir utvida med ein time til kl. 03.00. Eit lengre tidsspenn for avslutning av «festen» vil gjera heimkøytinga smidigare. Den utvida skjenketida skal evaluerast til våren.

Dette er eksempel på konkrete tiltak som skal på plass no. Det «å bry seg» er også ei haldningskampanje. Me som er i Hemsedal (fastbuande eller gjester) skal reagere og ta aktiv avstand viss me oppdagar noko som er ulovleg, eller strir mot moralske og etiske reglar. Det gjeld å setja tydlege grenser for kva som er akseptert.

Hemsedal skal vera ein trygg og god stad for alle. Me ynskjer gjester til bygda som har aktive dagar ute i fjell og løyper, og som kan møtast til fest og moro etterpå, der me som bygd set nødvendige grenser. Dette har eg tru på!

Ha ein fortsatt fin haust!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører